



Anne Marie Skurtveit
Landsvik 75
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/198 - 16/10718

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
30.05.2016

Godkjenning - Løyve til arealoverføring mellom gbnr 51/9 og 51/91 på Landsvik i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 167/2016

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Anne Marie Skurtveit (tiltakshavar) har søkt om løyve til arealoverføring mellom gbnr 51/9 (landbrukseigedom) og gbnr 51/91 (bustadeigedom) på Landsvik i Meland kommune, jf pbl § 20-1 bokstav m. Bakgrunnen for søknaden er eit ønskje frå tiltakshavar si side om å klargjere grensene mellom eigedomane, samt å etablere hensiktsmessig tomteareal for bustadeigedomen gbnr 51/91.

Tilhøvet mellom eksisterande og nye eigedomsgrenser dersom søknaden blir godkjent (etter endring) går fram av nedanståande utsnitt frå teknisk kart og ortofoto frå 2011:



Omsøkt tiltak inneber at om lag 1230 m² blir overført frå 51/9 til 51/91 og om lag 230 m² blir overført frå 51/91 til 51/9. Totalt blir om lag 1000 m² overført til gbnr 51/91.

VURDERING:

Nabovarsling:

Naboar er varsla i samsvar med pbl § 21-3 utan merknader.

Plangrunnlag:

Gjennom vedtak av Utval for drift og utvikling (UDU) dagsett 19.4.2016, saknr 31/2106, ble det gitt dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring som omsøkt. Det blir difor vist til saksutgreiinga i samband med UDU-vedtaket for nærare opplysningar om bakgrunnen for saka og eigedomane.

Søknaden er avklart i høve til plangrunnlaget.

Vurdering av vilkåra for deling, jf pbl § 20-1 bokstav (m):

Oppretting av ny grunneigedom er eit søknadspiktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m. Det er ikkje krav til bruk av ansvarleg føretak, jf pbl 20-4, 1. ledd bokstav (d).

Oppretting av ny grunneigedom som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve). Løyve til deling inneber heller ikkje at eigedomen blir endra på ein måte som kjem i strid med plan- og bygningslova, eller at parsellen blir ueigna ved framtidig utnytting, jf pbl § 26-1.

Tilknytting til infrastruktur:

Ny grunneigedom kan ikkje opprettast til bustadformål før eigedomen er sikra tilkomst, vassforsyning og bortleiing av avlaupsvatn i samsvar med pbl. §§ 27-1, 27-2 og 27-4.

Gbnr 51/91 har tilkomst og godkjent VA-anlegg. Arealoverføring som omsøkt endrar ikkje desse forholda.

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og denne vert godkjent som omsøkt, jf søknad journalført motteke 11.3.2016. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på frådelt areal blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om løyve til arealoverføring av om lag 1230 m² frå 51/9 til 51/91 og om lag 230 m² frå 51/91 til 51/9. Det blir vist til vedlagt situasjonskart journalført motteke 18.3.2016.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Vedtaket inneber ikkje avgjerd av privatrettslege høve, jf pbl § 21-6.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal, vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift, og det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Endringsforslag 51_91

Mottakere:

Anne Marie Skurtveit

Landsvik 75

5917

ROSSLAND